



Møtereferat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 13.06.2024
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen: Anne Kristin Skår, las dikt som far hadde skrive

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Lillianne Drønen Jæger møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

På møte kan me tilby servering av pizza, is og brus som var att etter konfirmantfesten.

Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	X Leiar
Anne Marie Røed	X Nestleiar
Tom Rydland	Medlem
Anne Kristin Skår	X Medlem
Håkon Rydland Sæbø	X Medlem
Mette Elisabeth Lambach	X Medlem
Bård Inge Bø	Medlem
Kari Raunholm	Medlem
Olav J. Oma	X Sokneprest
Gisle Levåg	kommunal representant
Lillianne Drønen Jæger	1. vara
Henrik Træet	X Vara
Aase Nøttveit	X Vara

Fitjar, 7.06.2024

Svein Lunde
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjeverje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2024/32	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2024/33	012.1	Godkjenning av referat fra sist møte	X
2024/34		Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2024/35		Møteplan for 2. halvår 2024	X
2024/36		Økonomirapport for januar – mai 2024	X
2024/37		Meldingar	X
2024/38		Gudsteneste- og offerliste for 2. halvår 2024	
2024/39		Kyrkjelyden sitt arbeid for flyktningar som kjem til Fitjar	
2024/40		Referat fra kyrkjelyden sitt årsmøte den 26. mai	
2024/41		Open post	
		Jubileumshelga	
		Krik	
		Kyrkjekaffi	
		Kyrkjeskyss	

Vedlegg

1. Gudsteneste- og offerliste
2. E-post fra Torunn K. Aarskog
3. Referat fra årsmøte 26. mai 2024
4. Plan for trusopplæring hausten 2024
5. Referat fra møte i gudstenesteutvalet
6. Utkast til landskapsplan for Felt-F på Fitjar kyrkjegard
7. Brev til kommunen om justering av kyrkja sitt investeringsbudsjett

Sak 2024/32 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**Vedtak:**

Innkalling og saklister er godkjent med nokre tillegg på ymse.

Sak 2024/33 012.1 Referat fra sist møte**Vedtak:**

Soknerådet stadfester referat fra møte den 23.05.2024.

Sak 2024/34 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2024/35 Møteplan for 2. halvår 2024

Soknerådet hadde på førre møte ein samttale om korleis rådsmøta bør leggjast opp for andre halvår. På bakgrunn av erfaringane sidan i fjar haust kom rådet til at møtedag- og tid skal vera torsdag kl. 18.30, til vanleg den 3. torsdagen i månaden. Elles var det semje om at det må innførast strengare tidsstyring og at soknerådssakene må få meir plass. Det skal framleis vera behandling av sokne- og fellesrådssaker i same møte. På bakgrunn av dette vert det lagt fram møteplan for møte i soknerådet og AU for 2. halvår 2024.

Vedtak:

Soknerådet fastset slik møteplan:

Sokneråd	Aktuelle saker
22. august	I Bakken Barnehage saman med kyrkjestaben
19. september	Budsjett, bemanning og strategi, etablering av fleire bundne fond.
17. oktober, kl. 15.00	Møte med stab og frivillige nemndsleiarar om strategiarbeid
21. november	Val av leiar og nestleiar
Arbeidsutval	
15. august	
5. september	
3. oktober	
14. november	

Viktige dato 12. september prostidag i Sveio.

Også avslutning for prosten i haust.

Sak 2024/36 Økonomirapport for januar – mai 2024

Økonomirapporten for Fitjar sokn, januar – mai 2024, viser ikkje store avvik i høve til budsjettet når det gjeld kostnader. Rekneskapen er til ei kvar tid ajour når det gjeld løn og andre ordinære driftskostnader. Så langt er ikkje alle inntektene ført inn i rekneskapen. Det er meiningsa at kyrkjekontoret sjølv skal ta større ansvar for dette arbeidet framover. Då vil det verta gjort i periodar der det ikkje er så travelt med andre oppgåver. No er det slik at det aller meste av kyrkja sine inntekter kjem fast kvar månad eller ein gong i året slik det er fastsett i budsjettet. Desse inntektene er m.a. tilskot frå kommunen og frå bispedømet for det som gjeld trusoplæring. Difor kan me på bakgrunn av kostnadane som er ført i rekneskapen, gje ein påliteleg status på den økonomiske stoda i soknet så langt i år. Me kan ganske sikkert vita kva inntekter me får i løpet av året, bortsett frå inntekter frå gåver og offer til eige arbeid.

Rapporten vart lagt fram og gjort nærare greie for i møtet.

Vedtak:

Soknerådet tek økonomirapporten for januar – mai 2024 til vitande.

Sak 2024/37 Meldingar

Under meldingar vil det verta lagt fram innformasjon om m.a. desse sakene:

- a) Status for gravplassprosjektet- investeringsbudsjett og landskapsplan.
SR bed kommunen flytta over pengar slik at vi kan gå i gang med dette arbeidet no i haust.
(Både varmeanlegg i kyrkja og gravplassen, investering og planlegging)
- b) Orientering om møte med kommunedirektøren den 31. mai
Soknerådsleiar og kyrkjeverja møtte kommunedirektøren og desse sakene var oppe.
Om sak a)
og om kontorsituasjonen om plass til alle dei tilsette.
Og vassavgifta, her tek ein sikte på ei minneleg ordning.
- c) Plan for trusopplæringa 2. halvår 2024
Krik samlast dei fleste fredagane på FKIB.
- d) Referat frå møte i gudstenesteutvalet
- e) Evt. miniseminar med Kirkens arbeidsgjavarorganisasjon, KA, til hausten.
Det kan bli eit miniseminar med desse på Teams, eller noko slikt.
- f) Ferieavvikling for kyrkjestaben

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringane til vitande.

Sak 2024/38 Gudsteneste- og offerliste for 2. halvår 2024

Soknerosten har i samråd med gudstenesteutvalet sett opp plan for gudstenester og takkoffer for 2. halvår 2024. Soknepresten vil på møtet orientera nærare om planen.

Dei siste åra har me hatt ei ordning der 10 % av takkoffera til eksterne organisasjonar vert halde av til kyrkjelyden sitt eige arbeid. Ordninga vart innført i ei tid då kyrjeøkonomien var svært pressa, og soknerådet måtte sjå etter fleire inntektskjelder for å halda arbeidet i gong. Etter den tid har økonomien stabilisert seg, men Fitjar sokn driv framleis svært nøktern og har ikkje romsleg økonomi. Noko som har hjelpt på soknet sin økonomi er at me i forhold til tidlegare no tek opp langt fleire takkoffer til kyrkjelyden sitt eige arbeid.

Soknerådet bør no ta stilling til om ordninga med 10 % trekk frå takkofferet til eksterne organisasjonar skal halda fram eller avviklast. Som kyrkjeverje rår eg til at ordninga vert avvikla. Når me kunngjer kva me tek opp offer til, har me ikkje brukt å informera om at det vert trekt 10 % av kollektien til eige arbeid. Det burde kanskje givarane fått vita, men det vil bli omstendelig å kunngjera dette over alt der det vert informert om takkofferet. Det økonomiske tapet av å avvikla ordninga skal vera til å leva med for kyrkjelyden. Me må framleis betala litt gebyr for handtering av kontantar, og noko administrative ressursar går med til vidareformidling av offeret.

Rekneskapen for 2023 viser at me tok inn kr. 257.585 i offer som skulle sendast vidare til andre. Kontoen for offer som er sendt vidare til andre organisasjonar viser ein kostnad på kr. 239.901.

Årsaka til at det ikkje er 10 % differanse mellom summane, er at nokre av offera til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Mali, Kirkens Nødhjelp og liknande er sendt vidare utan trekk.

Vedtak:

1. Soknerådet vedtek gudstenestelista med dei endringane som vart lagde inn i lista på møtet.
(Sjå gudstenestelista på heimesida)
2. Soknerådet avviklar ordninga med at 10% av offer til eksterne organisasjonar vert sett av til kyrkjelyden. For offer som kjem inn på Vipps er det nettosummen etter gebyr som skal sendast vidare.

Sak 2024/39 Kyrkjelyden sitt arbeid for flyktningar som kjem til Fitjar

På soknerådsmøte den 23. mai hadde soknerådet oppe til drøfting korleis kyrkjelyden kan vera til hjelp for flyktningar som kjem til Fitjar. Det er viktig at dei så snart som råd finn seg til rette og vert godt integrerte i lokalsamfunnet.

AU har teke saka vidare med Anne Marie Røed som pådrivar. Ho har vore i kontakt med aktuelle samarbeidspartnarar, og personar som kan tenkja seg å vera med ei gruppe i kyrkjelyden som har dette som arbeidsfelt. Anne Marie vil på møtet fortelja meir om det ho har funne ut så langt.

AM har snakka med flyktningekonsulenten Nesbø. Det kjem 20 flyktningar til i år. Ho har fått med seg to av dei som er komne til Fitjar. Ho har fleire namn på blokka.

Vedtak:

AM held fram samtalane og ser kva ho kan få til. Kjem tilbake til soknerådet med dette i haust.

Sak 2024/40 Referat frå kyrkjelyden sitt årsmøte 26. mai

Herman Inge Aadland har laga eit flott referat frå kyrkjelyden sitt årsmøte den 26. mai. På årsmøte informerte soknerådsleiar Svein Lunde om at soknerådet ville ha referatet oppe som sak på neste soknerådsmøte. Dette for å drøfta det som kom fram i møte, og å sjå om det er aktuelle saker som soknerådet bør følgja opp framover.

Vedtak:

Soknerådet ser ikkje at det var særlege saker som kom opp i årsmøtet som må arbeidast med. Vi tek referatet til vitande.

Sak 2024/41 Open post

Jubileumshelga

Fin overføring frå NRK, kinolerretet og den gode lyden gjorde dette til ei flott oppleveling.

Meir enn 200 deltagarar.

Mange positive tilbakemeldingar, ikkje ei negativ!

Nokon hadde forsøkt å få plass på Bømlo, men fekk ikkje plass. Dei synst det var storvegs å få koma til Fitjar.

Dei som jobba på kjøken og andre stader i og rundt FKIB gjorde ein kjempejobb!

Dei som leika med ungane gjorde også ein flott jobb i hallen under gudstenesta og etterpå.

På matineen.

Tom leia denne på ein god måte, han intervjuar nokre av dei som arbeider i kyrkja, diakoniarbeid, om Håkonarspel, om ungdomsarbeid mm.

Rydlandsbrørne, gospelkor, kammerkoret, Nora Jæger Thorland deltok med musikk og song.

Folkekirkja på sitt beste! Vart sagt.

Jubileumshelga

Krik

Kyrkjekaffi kan vi få til at nokon vil hjelpe til med kyrkjekaffi i sommar

Kyrkjeskyss, utsett.
